



KULTURMINNEPLAN FOR SUND 2017-2022



Kunstnar: Philippe Hérard

Foto: Kyrr Grepp

Livbøyer for kulturminne

Vedteken av Sund kommunestyre 23.05.2017

Innhald

SAMANDRAG	ii
1 INNLEIING	1
1.1 Mål	1
1.2 Omfang og avgrensingar.....	1
1.3 Saksgang og medverknad	1
1.4 Forhold til anna lovverk/eksisterande planar	2
1.5 Definisjonar og klargjering av omgrep	2
2 ENDRING OG UTVIKLING	3
2.1 Næringer.....	3
2.2 Levemåte	3
2.3 Infrastruktur.....	3
2.4 Enkel historisk oversikt	4
3 VERDSETTING OG FORMIDLING AV KULTURARVEN	6
3.1 Kunnskapsverdiar	6
3.2 Opplevingsverdiar	6
3.3 Bruksverdiar	6
4 OMSYNSSONER I KOMMUNEPLANEN	7
4.1 Kulturminne.....	7
4.2 Kulturmiljø	7
4.3 Kulturlandskap	7
4.4 Omtale og illustrasjonar av kulturminne som ligg i omsynssonene	8
5 STATUS FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I SUND.....	26
5.1 Kommunen si rolle i kulturminnevernet	26
5.2 Utfordringar og potensiale	26
6 PLANGRUNNLAGET	27
6.1 Kart med registrering av kulturminne	27
6.2 Kommuneplanen 2010 - 2020.....	29
7 KULTURMINNE UTANFOR OMSYNSSONENE	30
7.1 Kverner og demningar	30
7.2 Steingardar, rydningsrøyser og bakkagardar.....	30
7.3 Naustmiljø i Børneshølo	32
7.4 Fiske og fangst.....	32
7.5 Lører	33
7.6 Jordkjellarar og torvhus	33
7.7 Minnesmerke	34
7.8 Kyrkjer, gravstader og bedehus	35
7.9 Ungdomshus	35
8 HANDLINGSPLAN.....	36
8.1 Mål	36
8.2 Tiltak	36
8.3 Ressursbehov og ansvar.....	36
8.4 Detaljert handlingsplan.....	37
VEDLEGG.....	A
Vedlegg 1: Kulturminnetyper	A
Vedlegg 2: Relevant litteratur	B

SAMANDRAG

Kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige fellesgode for lokalsamfunna. Det gir kunnskap og opplevingar som fortel om fortida og kan gje ei betre forståing av notida. Samtidig er kulturhistoria ein ressurs for verdiskaping og god samfunnsutvikling. Kommunen er avgjerande instans i arbeidet med å ta vare på desse verdiane som finst lokalt. God forvaltning krev kunnskap og oversikt. Vi har lært at kulturminnearbeidet må ha eit berekraftperspektiv både økonomisk, kulturelt, miljømessig og sosialt. Økonomisk handlar det om å ta i bruk gamle bygg til nye næringar og invitera til reiselivsopplevingar knytt til kulturminne, kulturmiljø og landskap. Elles handlar det mykje om å byggja identitet, formidla kunnskap og skapa stimulerande nærmiljø med høg livskvalitet.

Fylkeskommunen er forvalningsstyresmakt med mynde etter kulturminnelova. Det gjeld førhistorisk kulturminnevern, bygningvern, handverkstradisjonar og fartøyvern. Få av kjeldene til vår eiga historie ligg i arkiv eller på museum, langt dei fleste finst i bygningar, vegfar, gravhaugar, fangstgroper og alle dei andre kulturminna i landskapet. Målsettinga til fylkeskommunen er at omsynet til kulturminna skal sikrast gjennom all lokal og regional utvikling og arealplanlegging. Fylkeskommunen har også mynde til å kunne setja i gang freding av kulturminne med nasjonal verdi for å sikra eit varig vern.

I kulturminneplanarbeidet har vi lagt vekt på å ta vare på eit representativt utval av kulturminne. Det er ikkje eit poeng å ta vare på alt, men det som er viktig for innbyggjarane skal på lista. Med denne planen får vi ei betre oversikt over kva vi har av kulturminneverdiar og kva som er tenleg å ta i bruk. I planarbeidet held vi fast på at kulturarven skal vera ei investering for framtida.

Kommuneplanen med arealdelen er styrande for administrasjonen i forvaltninga av kulturminne. Kulturminneplanen skal definera kva som er av størst verdi. Registreringsarbeid, kunnskap og kulturminneopplevingar er viktige element i arbeidet med å ta vare på kulturarven. Det beste vern er gjennom bruk. Kulturminne skal registrerast og følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan.

I kommunen er det registrert kulturminne frå eldre steinalder og fram til nyare tid. På kvar gard finst spor etter menneske. Nye generasjonar kan gjennom å sjå og bli fortald, få kjennskap til korleis folk livnærde seg og budde før. Å oppleva kulturminna i autentiske miljø har god effekt når det gjeld å vekka interesse og engasjement for kulturarven. Er dei lokalhistoriske spora å finna i nærmiljøet, har dei også verdi for identitetsbygging og oppleving av å høyre til i grenda. Barn og unge kan erfara at dei er eit verdifullt generasjonsledd på den store tidslina fortid, notid og framtid.

Parallelt med kulturminneplanarbeidet har vi kartlagd og verdsett friluftslivsområda i kommunen. Det gir oss høve til å sjå kulturminne og friluftsliv i samanheng. Vi vil laga eit hefte med kulturminneturar. På den måten kombinerer vi kultur- og naturopplevingar med kunnskapsformidling og fysisk aktivitet. Det er helsefremjande at vi kjem oss ut i terrenget og samtidig får kjennskap til lokalhistoria. Heftet vil bli laga i sams forståing med grunneigarane og Sund turlag.

Mange registreringar er innteikna på kart, og ein del er digitaliserte. Ved å klikka på kartpunktta vil vi etter kvart finna opplysningar om det einskilde kulturminnet. Digitaliseringa av registreringane er eit arbeid som må halda fram. Det er ført opp som tiltak i handlingsplanen.

Vedlagt ligg historisk oversikt, temaliste med kulturminnetypar og litteraturliste til fordjuping. Dess meir vi les og lærer, dess meir interessant blir lokalhistoria. Kunnskap vil gje oss lyst til å ta vare på det som har vore viktig for levekår og næringsliv i Sund. Samtidig kan det inspirera til å utvikla og skapa nye verdiar ved å ta i bruk det som er særmerkte kulturminne i kommunen.

1 INNLEIING

1.1 Mål

Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø-og ressursforvaltning

- Ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap som viktige fellesgode for Sund
- Styrka kunnskapen om kulturminne og kulturarv
- Bruka kulturarven som ein ressurs for verdiskaping og god samfunnsutvikling
- Laga oversikter som hjelper kommunen til å gjera rette val og prioriteringar i forvaltninga av kulturarven

1.2 Omfang og avgrensinger

Plan- og bygningslova sin formålsparagraf seier mellom anna at det skal setjast mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen og regionen. Det skal leggjast til rette for verdiskaping og næringsutvikling, for god utforming av bygningar og bummiljø og gode rammer for oppvekstmiljø og levekår.

Som planmynde forvaltar kommunen store kulturhistoriske verdiar. For å kunne ivareta kulturminne og kulturmiljø er det nødvendig å ha god og oppdatert kunnskap om lokalhistoria og kulturminna i kommunen. Dette vil vera nyttig både når det gjeld arealplanlegging og forvaltning, formidling og næringsutvikling. Kulturminneplanen er ein temaplan og omtalt i *Kulturplanen for Sund 2012-2022*.

I arealdelen til *Kommuneplanen 2010-2020* ligg omsynssoner for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Den er eit viktig utgangspunkt i kulturminneplanarbeidet. I tillegg tar vi med nokre typiske kulturminneobjekt utanom omsynssonene som representerer viktig lokalhistorisk kunnskap.

Kulturminneplanen omtalar særeigne kulturminne frå eldre steinalder til i dag. Den viser til registreringar og litteratur, som kan bidra til meir kunnskap og opplevingar knytt til einskilde kulturminne. Immaterielle kulturminne vert lite omtalt i denne planen, men vil vera ein viktig del i formidlinga av levemåten og historieforteljing knytt til kulturminne under guida kulturminneturar. For personar med nedsett funksjonsevne vil ein gjera kulturminna tilgjengelege med informasjonstavler så nær objekta som mogleg. Det vil også i nokon grad bli arbeidd med universell utforming på nokre område, slik at det blir enklare å sjå kulturminna i sine autentiske miljø.

Handlingsplanen skal omfatta tiltak for vern, bruk og formidling av kulturarven. Den skal skildra kven som har ansvar for å setja i gang dei ulike tiltaka, tidsplan, samarbeidspartnarar, kostnadsramme og forslag til finansiering. Prioritering og tidsplan for tiltaka må reviderast årleg ut frå endra behov og økonomiske rammer.

1.3 Saksgang og medverknad

Saksgruppe Næring og utvikling godkjende prosjektet i møte 12.03.14 og har fungert som styringsgruppe for kulturminneplanarbeidet. Ei administrativ gruppe frå kultur, areal, drift og stab har utgjort den administrative prosjektgruppa. Det har vore fleire opne møte med god oppslutning av frivillige lag og organisasjonar og enkeltpersonar. I tillegg har prosjektgruppa hatt hjelp av gode kontaktar i alle grender. Planen har vore ute på høyring. Innspela som kom inn er i stor grad innarbeidd i planen.

1.4 Forhold til anna lovverk/eksisterande planar

- Lov 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemeld (kulturlova)
- Lov 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova)
- Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Miljøverndepartementet
- Fylkesdelplan kulturminne «Kultur viser veg» 1999-2010 Hordaland fylkeskommune
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Kommuneplanen i Sund 2010-2020
- Kulturplan for Sund kommune 2012-2022

1.5 Definisjonar og klargjering av omgrep

- *Kulturminne* – alle spor etter menneske sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
- *Automatiske freda kulturminne* – er freda direkte etter lov, utan særskilde vedtak. Det er faste kulturminne frå før 1537 og ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537 – 1649.
- *Faste kulturminne* – er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.
- *Lause kulturminne* – kulturminne som kan flyttast.
- *Immateriell kulturarv* – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og dugleik. Det gjeld t.d. tru, tradisjonar, sagn og hendingar.
- *SEFRAK* – nemninga blir brukt om bygningar som er registrerte i regi av SEFRAK. (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975 – 1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet var alder på bygningen.
- *Listeført* – Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850. Ei rekke kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeførte. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetting og vedlikehaldstiltak.
- *Omsynssoner* – målsettinga med å kartfesta omsynssoner er å hindra at automatisk freda kulturminne vert skada eller øydelagde i samband med fysiske tiltak.



2 ENDRING OG UTVIKLING

Frå eldre steinalder (ca 10000 år f. Kr) er det funne spor av folk i Sund. Det er registrert fleire buplassar og fangstreiskap langs øyer, fjordar og sund. Funna tyder på at folk har livnært seg på jakt og fiske. Det var gode fangstplassar for kval i Telavåg og Skogsvåg heilt opp til nyare tid. Det same gjeld kasteplassar på Kjereidet, Golta, i Austefjorden og Skogsvågen.

I yngre steinalder (ca 4000-1800 f.Kr) endra leveviset seg. Det vart meir jordbruk og husdyrhald i tillegg til fiske og fangst, noko som har vore viktig heilt opp til nyare tid.

Folkemengda auka og reiskap og farkostar endra seg. Mange kulturminne ligg under havflata etter forlis frå seglskutetida til moderne tid. Det ligg også ein del vrak langs kysten etter vikingane sine herjingar og frå siste verdskriga.

Loshistoria skriv seg frå 1720. Dei store båtane er framleis avhengige av lostenesta, som er stasjonert på Vikso. Etter kvart som bruver og vegar vart bygde, endra infrastrukturen seg fort. Med folkevekst, utdanning og teknisk utvikling fekk kommunen meir varierte næringar.

2.1 Næringer

- Frå fiske og fangst til oppdrettsnæring
- Frå torvtaking til olje og gass
- Frå fiskarbonden si sjølvberging til industri, handel, service og offentlege tenester

2.2 Levemåte

- Frå steinalderbuplassar, enkle stover til arkitektteikna og prefabrikerte hus i mange slags former og storleikar, - einebustader, i rekke og i høgda
- Frå heile storfamilien i same hus til varierte familiestrukturar
- Frå sjølvhushald til kjøp og sal av varer
- Frå sild og pote til sushi, tapas og pizza
- Frå sosiale arbeidsfellesskap på gardane til meir alders- og fagdelte samfunn
- Frå arbeid dei fleste timane i døgeret til regulert arbeidstid og mykje fritid
- Frå jakt, torvtaking, berplukking og sauesanking til friluftsliv og naturopplevelingar
- Frå nokonlunde einsarta kultur- og livssynssamfunn til stor innvandring og busetting av flyktningar frå heile verda med ulik kulturbakgrunn og trussamfunn.

2.3 Infrastruktur

- Frå munnleg og direkte informasjon til bruk av internett og sosiale media
- Frå sjøvegen med færingar til hurtiggåande båtar, ferje, bil, buss og fly
- Frå utvandring til innvandring og folkeauke
- Frå saktegående infrastruktur til stadig aukande fart og volum via internett og datasystem

Enkel historisk oversikt frå eldre steinalder til notid med døme på kulturminne frå dei ulike periodane ligg ved (10.1). Mange historiske gjenstandar er å finna i *Olav Toft si samling* på Toftarøyna og på *Historisk museum i Bergen*. Det vert vist til rapportar, litteraturliste og filmar som er tilgjengelege på folkebiblioteket. På lista er det også forslag om korleis ein kan formidla kulturminne og kulturmiljø. I tillegg vil *Kultursoga for Sund* vera kronologisk bygd opp og ta for seg viktige kulturhistoriske tema frå førhistorisk tid og mellomalder, frå reformasjonen til 1837 og fram til nyare tids historie. Saman med gards-og ættesoga *Sund på søre Sotra* band 1-5 vil ein få eit godt innblikk i endringar og utvikling som har vore frå eldre steinalder til notid i kommunen.

2.4 Enkel historisk oversikt

I denne oversikten er formidling kopla til eit utval av representative kulturminne med å visa til skriflege kjelder og forslag til guida turar/museumsbesøk.

Periode	Årstal	Kulturminne	Litteratur	Formidling
Eldre steinalder	Det eldste på Skaganeset kan være 10 000 - 9000 år før nåtid, men kan også være yngre	Lokalitet 1 registrert i 2012; Skaganeset Flintavslag Aktivitets-/boplassområde	Rapport 55, Skaganeset gnr. 59, bnr. 8 m.fl., Sund kommune, Hordaland fylkeskommune (2012)	Del av kulturminneløype som er i oppstartsfase
Eldre steinalder	10 000-9000 før nåtid	Pilspissflint Tyssøy	Strilesoga B1 s. 9	Historisk museum
Eldre steinalder	9000 år før nåtid	Buplass på Risøya	Strilasoga B1 s.18	Guida tur til Risøyna
Slutten av eldre steinalder og starten av yngre steinalder	7500- 5200 år siden (slutten av ES) og 5200-4700 år siden (starten av YS)	Lokaliteter nord på Skaganeset (noen er i bakken og noen er fjerna) For det meste avslag, ett fragment av slipeplate i sandstein, noe materiale i ryolitt og skifer. Aktivitets-/boplassområde	«Rapport 55, Skaganeset gnr. 59, bnr. 8 m.fl., Sund kommune, Hordaland fylkeskommune» (2012) , «Rapport 13, Steinalder på Skaganeset Skaga gnr. 49 bnr. 23 og 73 Sund kommune, Hordaland fylkeskommune» (2002) og Innberetninger til Historisk Museum i Bergen angående reguleringsplaner for Skaganeset i 1983 og 1988.	Del av kulturminneløype som er i oppstartsfase
Yngre steinalder	3800 - 3600 år før nåtid	Tangepiler-Hummelsund	Arkeologiske undersøkelser av tre steinalderlokaliteter i Porsvika på Glesnes gnr. 33 bnr. 162/185, Sund kommune, Hordaland	Historisk museum Olav Toft si samling
Slutten av yngre steinalder eller i bronsealder	Rundt 2300 f. Kr.	Flintdolk frå Danmark eller Østlandet. Kartfesta til Toftarøyna.	Strilesoga B1, s. 81.	
Yngre jernalder	765 e.Kr	Første dokumenterte kvalfangst i Skogsvågen	Gulatingslova Strilasoga B1 s.159 Arne Asphaug 1320-1660	Internasjonalt verdfullt Guida tur Olav Toft si samling

Seinmellomalder	1349 e Kr.	Svartedauden	Arne Asphaug	Guida tur/infotavle
		Øydegardane	Selstøboka s.13	Forteljing/utgreiing
Høgmellomalder	1320 e Kr	Engelsk keramikk på Nordre Toft	Arne Asphaug 1320-1660 s.75	Munnleg og skriftlege kjelder Olav Toft si samling
	1300 e.Kr.	Kyrkjene i Sund	Arne Asphaug 1320-1660	Kyrkjhistorie
Sein mellomalder	1535 e. kr	Jektenaustet Trellevik Restauret 1990	Johannes Evensen s.267	Historisk museum Guida tur til Trellevik
Tidleg nytid		Sjøbuer Golta	Strilesoga B 3 s.136 Johannes Evensen s. 272	300 år gamle sjøbuer, Bilete og omtale Guida tur til Golta
		Klebersteinbrot	Arne Asphaug	Formidlingstur
		Skjervika	Kystkulturen i Sund	Olav Toft si samling
		Klebersteinbrot		Materiale til fiskesøkke
		Lysakøle	Arne Asphaug Kystkulturen s.19-20	Olav Toft si samling
Notid	1973	Sjøfly	Bygdeboka b 2 s.537 Toftarøyna	Anders Hummelsund
	2000	Losminnesmerket på Vikso	Kystverket sitt blad Sund sokneblad	Guida tur til Vikso Infoskilt
	2014	Stadnamn	Bygdeboka	Bygdeboknemnda
			Skrivemåte og uttale på namn	Lydband Bjørn.T Aasheim er digitaliserte av UiB
		Landbruksdrift med Redusert mekanisering	Bygdeboka B2 s.335	Guida tur til Hummelsund
	2015	Periferifestivalen	Program og plakatar	Glesvær
		Ord i spreke spor Kulturløype	www.ordispor.no	Ein av turane i Kystpasset

3 VERDSETTING OG FORMIDLING AV KULTURARVEN

3.1 Kunnskapsverdiar

For å ta vare på kulturarven er det avgjerande med kunnskap. Utan lokalhistorisk kunnskap har det ein skilde kulturminne liten verdi. Kulturminna fortel om eigenarten og identiteten til Sundsokningen. Fortida er viktig for å forstå samtidia. Kulturminna seier noko om levevis og livsvilkår i Sund.

Kunnskapsformidling til barn, unge og vaksne kan skapa engasjement og interesse for å ta vare på kulturarven. Ved å besøka Olav Toft si samling på skulehuset på Toftøyen får ein god kunnskap om næringer og levemåtar ved å studera gjenstandar frå heile Sund. Her kan ein også sjå den digitaliserte Sundfilmen frå 1960-talet (Johannes Evensen Hummelsund). Trellevik kystkultursenter formidlar denne delen av kulturhistoria i eit autentisk miljø. Hamnedagane på Kleppe og andre arrangement som tar kulturarven på alvor bidrar godt til å auka interessa. Sund sogelag og andre eldsjeler sit på mykje kunnskap, som kan formidlast til nye generasjonar.

Døme på kunnskapsverdiar:

- Kulturhistorie/bygdesoge
- Tradisjonsboren kunnskap

3.2 Opplevingsverdiar

Opplevingar av kulturminne forsterkar interessa og engasjementet, særleg om ein finn kulturminne og spor etter menneske sitt liv og virke i landskapet. Ved guida turar eller skriftleg informasjon på kart eller nett (kart, kystpass, turappar, litteratur) kan opplevinga spora både til meir kunnskap, aktivitet og folkehelse.

Døme på opplevingsverdiar:

- Arkitektur, kunst og estetikk
- Symbol og identitet
- Undring, refleksjon, attkjenning, glede og overrasking

3.3 Bruksverdiar

Ein del kulturminne har bruksverdi i den forstand at dei er blitt sette i stand. Desse må vedlikehaldast. Kulturminna kan brukast til både kunnskapsformidling og opplevingar, men også til ny næring. Kommunen sine pliktar til å ta vare på kulturminna skal visast att på handlingsplanen. Etter tiltak er det viktig at dei ikkje vert ståande å forfalla på nytt. Ved å utarbeida skjøtselsplanar kan vi ha oversikt og evt. hjelpe til med nye tiltak.

Døme på bruksverdi:

- Økonomisk verdi, ressursverdi og næringsverdi
- Utviklingsverdi, formidlingsverdi og pedagogisk verdi
- Museal verdi

Immaterielle kulturminne er kulturarv som vi ikkje kan ta på fysisk, men som er viktige å få kunnskap om. Det handlar om korleis folk levde i lag. Vi ser også at mange av desse verdiane er grunnlaget for at vi har ein levande kystkultur i dag. I denne planen er vi ikkje konkrete på immaterielle kulturminne og heller ikkje lause kulturminne. Vi kan lesa meir om dette i bøker, hefter og studentoppgåver som ligg i arkivet på folkebiblioteket. I Olav Toft si samling på Tofterøy skulehus kan vi henta mykje kunnskap og sjå på gjenstandar frå steinalderen og fram til nyare tid. Gjennom lesing og museumsbesøk kan vi læra om mattradisjonar kvalfangstradisjonar, bruk av landnot og drivgarn, folkedraktar, handverkstradisjonar, leik, musikk, song og dans (ungdomslaget og andre lag sin plass i kvardag og fest), stadnamn og naturrnamn, tru og livssyn, skikkar, segn, fiske-mé, salting og anna preservering av mat, brygging m.m.

4 OMSYNSSONER I KOMMUNEPLANEN

4.1 Kulturminne

I Sund dominerer funna av kulturminna i dei kystnære stroka, mellom kote 10 og 20. Det er særskild områda Glesnes og Toftarøyna på vestsida og nordre del av kommunen på austsida som trer fram som dei mest aktuelle funnstadene. Olav Toft fekk samla mange kulturminneobjekt i heile kommunen, men særskilt mykje på Toftarøyna og Risøyna.

I Telavåg er mange krigsminne registrerte manuelt på kart. Nordsjøfartmuseet har laga ei kulturhistorisk løype med 14 postar av eldre og nyare kulturminne og stader knytt direkte til historia om Telavåg under andre verdskrigen. Denne løypa er digitalisert som ei *Virtuell vandring*.

Ved Kvernavika og i Porsvika er det registrert buplassar frå steinalder og eldre bronsealder. På Skaganeset er det fleire registrerte steinalderfunn.

I samband med kulturminneplanarbeidet har vi funne interessante kulturminne på kvar av dei 50 gardane i Sund utan at dei nødvendigvis ligg i omsynssonene. Vi kan ikkje ta dei med her, men vil oppfordra grunneigarar til å ta vare på kulturminna, - ved å dokumentera med biletet og historier og om mogleg bruk av kulturarven på ein eller annan måte. Sogelaget vil kunne tilby hjelp med dokumentasjon og formidling.

4.2 Kulturmiljø

Kulturminna er ein viktig del av kulturmiljøa og kulturlandskapa i grendene. Vi finn spor etter menneske sitt liv og virke som gjer historia levande for oss.

4.3 Kulturlandskap

Kulturlandskap og kulturmiljø er vanskeleg å skilja. Det kan vera jordbrukslandskap med dyrkingssområde, beitemark, steingardar og andre former for innhegning, demningar, tre og annan vegetasjon. Eller kystlandskap med hamner, bryggjer, sjømerke, seglingsleier og andre innretningar som skildrar maritime miljø. Det er også fjell- og utmarksområde der menneske har ferdast, med kulturminne frå jakt, fiske og anna ressursutnytting.

I arealdelen av kommuneplanen er nokre område omtalt som omsynssoner for kulturlandskap og omsynssoner landbruk. Det er Kvalvågen i Skogsvågen, Lerøyna, Bjelkarøyna, Fenedalen (nord for Kleppe), Håkonsundet, Forland, Høylandsdalen, Toftarøyna mot Døcherholmen, Risvika på Toftarøyna, Vikso, Osphaugen, Spilda, Golta og Øvre Veteita.



Kulturlandskap på Vardøyna

4.4 Omtale og illustrasjonar av kulturminne som ligg i omsynssonene

Bukken

Bukken ligg i Raunefjorden i sundet mellom Lerøyna og Bjelkarøyna. På hollandske sjøkart frå slutten av 1500-talet og framover finn ein *Buch (Buck) van Raa*. Namnet stammar kanskje frå naturformasjonen som minnar om ein bukk. Det er også andre lokale forklaringar etter hendingar som har gått på folkemunne. Bukken er ein gammal tingstad, handelsstad og gjestgjeveri som er freda. Heile øya med nærliggjande holme er definert som omsynssone kulturmiljø. Bukken er også registrert i naturbasen.



Lerøyna – gravplass

Gravplassen på Lerøy er ein særmerkt gravplass som ikkje lenger er i bruk. Den ligg bortgøymd i skogen på den nordaustlege delen av Lerøyna. Det var ein privat familiegravstad for gjestgjevarstaden Bukken. Gravplassen har elleve gravminne som enno er intakt.



Toppen på inngangsporten til gravstaden

Handelsstaden Glesvær med nærliggjande naustmiljø

Heilt frå 1664, då Heinrich Wessel bygde handelsstaden til i dag, har det vore handel og treffstad her. Handelsstaden var i tidlegare tider sentral på vestsida av Sotra. I dag er det kommunen sin tusenårsstad. Det er framleis stor aktivitet på Glesvær med kafé, rorbuer og arrangement av alle slag. Periferifestivalen samla musikkinteresserte til ein årleg folkefest i 9 år fram til 2015. Rockeklubben held til på Sjøsportsenteret, som er bygd som tradisjonelt naust. Største sjøsportaktiviteten i dag er brettsegling som tar mange slags former, som t.d. yoga på SUP-brett.



Lomviar av kunstnaren Kyrre Grepp



Handelsstaden Glesvær



Periferifestivalen

Kvalvågen

Biskop Håkon Berge i Bergen nemner i eit brev frå april 1338 «kvalvågen vår» i Sund. Bispestolen eigde Skoge i mellomalderen. Dette er den eldste dokumentasjonen ein har om kvalfangst i Sund. I eit handskrive manuskript på UiB frå 1780-åra vert det fortald at ein fanga småkval ved å stengja Barholmsundet med nøter i begge endar. Kvalvågen var den klart viktigaste fangsstaden. Ein skaut kvalen med låsboge, ein slags armbrøst. I 1890-åra vart armbrøst erstatta med børse. Biskop Erik Pontoppidan nemner i *Norges naturlige historie* frå 1783 at pilane som folk skaut kvalar med var forgifta. Vitskapsfolk i 1880-åra kunne konstatera at kvaljegarane skaffa seg gift ved å ta vare på det rotne kjøtet som danna seg der daudepila råka. Piler som skulle brukast seinare, vart så stukne inn i dette kjøtet. Dermed overførte ein bakteriar som gav kvalen blodforgiftning. Sundsokningane dreiv bakteriologisk fangst av kval fleire hundreår før vitskapsfolk oppdaga bakteriar. Denne fangstmetoden skal vera unik i verdssamanheng.



Kvalbua



Kvalveiding – siste fangst

Stengjenota og tauverk til å dra henne med over vågen vart lagra i kvalbua på Stekholmen. Kvalbua med årstalet 1768 rissa inn, er restaurert og tatt vare på. Det er framleis rester av stengsle som vart nytta til stenging av vågen. I kommuneplanen har området, som er ein naturleg del av eit landskapsrom i vågen, status som omsynssone kulturmiljø. Dei tradisjonelle kvalfangstmetodane som vart nytta, gjer at området ikkje berre har lokal verdi, men også nasjonal og internasjonal verdi. Det har i seinare tid vore arrangert 3 kvalfestivalar her med godt oppmøte og mangfaldig aktivitet. Kvalvågen har eit stort potensiale for utvikling og verdiskaping. Handlingsplanen skisserer at det skal starta opp eit prosjekt for å formidla den unika kvalfangsthistoria i samband med utvikling av ei kulturminneløype til Skaganeset/Stekholmen.



Kvalfestivalen 2005

Hope-samlingsplass og naust

Store delar av tømmeret i eit av nausta er frå Sund kyrkje, som vart bygd rundt 1670 og riven i 1878. Hope er nytta til ulike aktivitetar i lokalmiljøet. Hope trebåtlag har basen sin her og inviterer til seglas og samlingar. Området har lokal verdi som kulturmiljø med alle dei fine nausta. I dette miljøet ligg også husgrunnen til strandsitjaren «Per i Hope».



Naustmiljø



Seglstemne i Hope



Hope trebåtlag under kvalfestival i Kvalvågen

Skogssjøen

Her er eit stort naustmiljø. Her var det tingstove. Framleis har ei av bryggjene namnet «Futabryggjo».



Kyrkjebryggjer til Sund kyrkje ved Sundsjøen og i Limavågen.

Historisk sett har desse bryggjene vore nytta av innbyggjarane for transport til Sund kyrke. Kyrkjetrappa på Norakaien vart bygd i 1864. I Limavågen har også namnet «Brurabryggjo» vore nytta.



Limavågen

Førdesdal

I Førdesdal ligg eit eldre gardstun i eit gammalt kulturlandskapsområde. Garden ligg inst i Førdesdalen. Tunet består av fleire små og større bygningar. Store delar av tunet er oppført i tørrmur.



Fødestaden til Johannes Kleppevik.

Johannes Kleppevik var ein kjend artist som gjekk under namnet «kystens trubadur». Han etterlet seg eit vell av songar og komposisjonar, som vert haldne levande av sambygdingar og av folk langs heile kysten. Johannes Kleppevik var ein pådrivar for å få i stand *Torgdagen i Bergen*, som sidan har vore eit årleg arrangement i juni. Ved Stranda skule er det laga ei kultur-, natur- og litteraturløype kalla *Ord i spreke spor*. Løypa heidrar minnet hans med ein stor gitar i startområdet, portrett på berget og strofar frå songskatten hans. Det er oppretta eit minnlefond i hans namn med ein minnepris til ein person eller eit lag i Hordaland som fremjar kystkulturen på ein framifrå måte.



Gamlahuset



Gitaren designa og bygd av Øyvind Heggstad med god hjelp av Reidar Vorland (Sund turlag)

Kleppesjøen - hamna

Nausta har ulik storlek og vinkel mot sjøen med passasje mellom nausta. Hamna er bygd på ein særprega måte, med berre eit smalt utløp mot Krossfjorden. Hamna er utforma slik for å verna båtar og naust mot vertilhøva i Krossfjorden. Lokale lag har arrangert *Hammedagane* i august sidan 2015 for å skapa aktivitet og halda tradisjonane og kunnskapen om kulturarven ved like.



Melkeviknaustet

Melkeviknaustet er eit gammalt naust oppført i tørrmur med skifer på taket.



Håkonsund – området mellom hovudhuset og sundet.

I følgje lokal tradisjon skal namnet på garden Håkonsund koma av at følgjet med den dødeleg såra kong Håkon den gode var innom her for å skaffa ferskvatn etter slaget mot Eirikssønene på Fitjar i første halvdel av 960-åra. Ved hamna på Håkholmen finst det framleis gamle fortøyningsboltar som vitnar om vikingetida. Det er kjent at området vart nytta allereie før 1700-talet. På eit tingmøte i 1706 vart futen fortald at Håkonsund hadde vore «it Kremerleye ofver 50 Aar». Her har vore handels-og gjestgjevarstad, bakeri og telegrafstasjon. Det er bygd som eit klyngetun med små uthus rundt hovudbustaden/butikken.



Trelleviknaustet og området rundt

Området består av tre bygningar. Det er *Bygnaden*, *Skjenkestova* og *Jektenaustet* inst i vika. Heile området er disponert av stiftinga Trellevik kystkultursenter. Stiftinga har ansvar for bevaring av området, bygningane og båtane. Kystkultursenteret driv med ulike kulturelle arrangement og sjøaktivitetar. Det store sjøhuset *Bygnaden* er over 200 år gammalt. Jektenaustet inst i vika kan vera eit av dei eldste bygga i Sund. Trellevik kystkultursenter har i 2016 fått ansvar for å drifta Olav Toft si samling på Tofterøy skulehus. Alle 7.klassingane i Sund får kvar vår og haust gjennom tiltaket *Frisk og freidig* driva med sjøaktivitetar. Samtidig får dei kunnskap om levevis gjennom tidene. Formidling av kystkulturarven vert styrka ved å besøka Olav Toft si samling.



Bilete frå utstillinga på skulehuset Olav Toft



Tyrnevika

Tyrnevika har vore handelsstad i fleire generasjonar. Her har også vore industristad med næring knytt til fiske med sildemottak og foredling. I Tyrnevika ligg også *Sildabua* som i storleik og utforming skil seg ut i høve til omgjevnadane. Ho er ikkje tatt vare på og ser no ut til å stå til nedfalls.



Hummelsund – Sundet

Hummelsund ligg som ein passasje mellom Vikso og Toftarøyna. Det er eit fint sjøbruksmiljø, der dei fleste bygningane er tekne godt vare på. I ei bukt midtvegs i sundet er det registrert automatisk freda kulturminne. På nordsida av sundet er det påvist sju hustufter og fleire båtstøer, båtopptrekk, ein brønn og innhengningar/gjerde. Husa har vore i bruk i mellomalderen. Tuftene er gjerne restar etter fjæremannshus, som var overnatningsplassar for tilreisande fiskarar frå fjordane. Gunstig plassering i høve til fangst og fiske kan ha resultert i fast busetting i siste del av eldre jernalder eller seinast i vikingetida. Under registreringar i 2001 fann arkeologar to nye steinalderlokalitetar, og det finst truleg mange fleire kulturminne i dette området. Hummelsund er eit særegne lite lokalsamfunn, der losar, båtmannskap og andre sjøfolk har hatt sitt virke og sett sitt preg på miljøet. På Vikso ligg losstasjonen i dag. Saman med Kystverket er det sett opp eit nasjonalt minnesmerke over omkomne losar og båtmannskap der.



Utsikt mot Hummelsund frå losstasjonen på Vikso

Glesvær – Englabogskjæret

Englabogskjæret er ein særmerkt liten holme der det ligg to gamle notbruk.



Glesvær – Porsvika

I samband med utviding av industriområdet vart det avdekkja fleire funn av automatisk freda kulturminne på nordsida av Porsvika. Det er nyleg funne ei steinøks i området. Den nordlege delen er sett av som omsynssone kulturminne.



Golta/Glesnes – Goltasundet

Goltasundet strekkjer seg mellom Golta og Glesnes i eit landskap med steinalderbuplassar, gamle rorbuer, restaurert hengje og naust etter eit gammalt notlag. Fylkeskommunen og kommunen har løyvd midlar til restaureringsarbeidet, og bygningane er sette i stand. Det vert viktig for kommunen i samarbeid med nye eigarar å få tatt i bruk bygningane i formidlingsarbeidet. Her ligg også potensiale for næring.



Heimanpådalsbua

Nordsjøløypegruppa har sett i stand Heimanpådalsbua. Her er det tilrettelagd for arrangement og enkel overnatting for vandrarar og padlarar.



Foto: Sidsel Frøkedal, Sund turlag

Voggebua



Bua i Voggo skal setjast i stand ved hjelp av midlar frå Kulturminnefondet.

Golta-langhuset

Langhuset på Øvre Golta er eit av dei eldste husa i Sund og truleg bygd i 1619. Huset er bygd i grensa mellom to hovudbruk. Det står på sin opphavlege plass i klyngetunet og er kulturhistorisk sett ein av dei viktigaste bygningane i Sund. Rekna austfrå inneheld bygningskomplekset skytje, røykstove med kleve, bu med sval og stove. Det er løyvd støtte til restaureringsarbeid på huset, og det er i bra stand, sett utanfrå.



Telavåg – gamal gravplass

Den gamle gravplassen i Telavåg, kalla *Fredens bolig* er ein særmerkt gravplass som ikkje lenger er i bruk. Den er ikkje avvigsle, men vert heldt i stand på dugnad av Nordsjøløyypegruppa. Dei har også fått høgd vekk skog som øydelat steingarden rundt. Etter grundig leiting i arkiv fekk ein registrert at minst 330 personar ligg gravlagde her. Det var overraskande, for det er ein liten plass og berre nokre få av gravminna er synlege. Namnetavler er sett opp på bergveggen langs gravplassen. Byggfagavdelinga på Sotra vidaregåande skule, avd. Sund, fekk bygd ein portal etter teikningar slik eldre folk i bygda hugsa det. Det er laga ein bratt sti frå Lokavika og ned til plassen, men i den tida den var i bruk kom folk roande sjøvegen.



Telavåg – Selstøbuene

Dette er dei einaste bygningane som stod att etter den tyske aksjonen som øydela bygda i april 1942. Selstøbuene er restaurerte i eit samarbeid mellom Nordsjøfartmuseet, Nordsjøløygruppa og Sund kommune. Dette skjedde i åra Sund var med i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Vi fekk gode midlar og fagleg støtte frå både Riksantikvaren, Kulturminnefondet og Hordaland fylkeskommune. Resultatet vart godt og buene bli no nytta til arrangement og kan også brukast til enkel overnatting for padlarar og turgårar. Nordsjøfartmuseet har guida turar dit og formidlar historia til buene på ein levande måte.



Austefjorden/Toftosen – Hummaparkane

Dette er særmerkte bygg som vart nytta til oppdrett og oppbevaring av hummar for vidare sal. Bygningane står, men er ikkje i bruk.



Døscherholmen

Namnet på holmen skal koma av Døscher, som er eit slektsnamn i Bergen på slutten av 1800-talet. Det har vore stor aktivitet med nothengje, barkeri og trankokeri her. Området er regulert og det er teke omsyn til kulturelle verdiar i samband med handsaminga av reguleringsplanen.



Sangolthedlo

Huset er over 100 år gammalt, tømra og bygd etter tradisjonell byggjeskikk.



Tyssøy – kapellet og omgjevnadene

Tyssøy er ein gammal kongsgard og St. Ludvigs kapell vart bygd rundt år 1300. Kapellet eksisterer ikkje lenger, men steinane som ligg på bakken er mogleg restar etter kapellet. Det vert halde gudsteneste ved *Kyrkje-steinane* kvart år. Det har også vore dåp og vigsel der i seinare tid. Fleire stader på Tyssøyna er det gjort funn som vitnar om at menneske har opphalde seg her i førhistorisk tid. Den eldste gjenstanden er ein om lag 5 cm lang pilspiss som kom for dagen i 1993 i Smivågen sør på øya. Han skriv seg frå eldre steinalder, og i følgje arkeologane kan alderen vera heile 9000 – 10.000 år. Det er også funne flint og årekvars.



Kyrkjesteinane



«Rosa» Kunst av Arne Ingvaldsen, Eva Kun og Hannah Sindall



«Invitasjon» Kunst av Lisbeth Johansen



Tyssøykruna som logo

Tyssøy – Tyssøykruna

På Tyssøy finn ein dette merket kalla *Tyssøykruna* eller Kongakruna som ho og vert kalla.. Merket som er 20-25 cm høgt og 8-10 cm breitt er hogd i stein ved sjøen på vestsida. Merket er eit automatisk freda kulturminne etter vedtak av Riksantikvaren. Ein har ikkje greidd å gjera ei klar tidfesting av merket, og det er ulik tolking av symbolikken. Her kan fantasien få fritt spelrom. Steinen med Tyssøykruna er berre tilgjengeleg med båt.

Vorlandsvassdraget

For folket på Vorland har Vorlandsvatnet og vassdraget vore ein stor ressurs opp gjennom tidene. Det er knytt fleire kulturminne til vassdraget. Det er mellom anna tufter etter fleire kvernhus i skaret langs elva. Kulturminna i området vitnar om stor aktivitet i fortida. Vorland mølle og tørkeanstalt vart oppført i 1913, men vart rive tidleg på 50-talet. Den inneholdt kvern, tørker, reinskemaskin, kornlager, ved-og torvlager, kontor og soverom. To kvernkallar dreiv kvernsteinane og tørkeplatene av støypejern. Grunneigar driv skjøtsel av kulturminna i vassdraget. Skuleelvar har gjennom mange år fått ta del i den rike historia til vassdraget.



5 STATUS FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I SUND

5.1 Kommunen si rolle i kulturminnevernet

Kommunen har ei viktig rolle i å vera samfunnsutviklar. Som planmynde er kommunen den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar. Landskap, kulturmiljø og kulturminne utgjer eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Slike verdiar bidreg til å utvikla attraktive lokalsamfunn og reisemål. Det er kommunen i samspel med innbyggjarane som kjänner best på kva kulturminne kan fortelja om lokalsamfunnet si felles historie. Det er ei aukande interesse og engasjement lokalt knytta til historie og kulturarv. Ved hjelp av frivillige lag og organisasjonar, grunneigarlag, skular, stiftingar, museum og enkeltpersonar er det gjort ein stor innsats i registreringar og dokumentasjon av kulturarven i Sund. Dette samarbeidet må halda fram om vi skal lukkast i kulturminnevernet.

Kommunen har hovudansvar for å identifisera, verdsætja og forvalta verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål og forventningar. I dette ligg det ansvar for datahenting og tilrettelegging for registeringsarbeidet. Det handlar både om fysiske kulturminne og kulturmiljø, men også om immateriell kulturarv.

Omsynssonene for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er definerte i kommuneplanen. Føremålet med kartfestinga av automatisk freda kulturminne i arealdelen er å hindra at desse vert skada eller øydelagde i samband med fysiske tiltak.

I det nasjonale registeret Askeladden er alle kjende automatisk freda kulturminne i landet registrerte. Desse blir kartfesta i det digitale kartverket i kommunen og skal nyttast ved sakshandsaming.


5.2 Utfordringar og potensiale

Det er ei stor utfordring å få samla inn dokumentasjon og få oversikt over kva kulturminne som er verd å ta vare på. Registrering via feltarbeid er tidkrevjande, men for å kvalitetssikra data og (gjen)oppdaga fysiske kulturminne har kulturkontoret engasjert ein person til å gjera feltarbeid, både på kulturminne og friluftslivsområde. Det ligg eit stort potensiale i å kopla kartleggingane, for så å laga eit hefte om kulturminneturar i nærområda og i heile kommunen. Dette kan digitaliserast og leggjast inn i web-appen *Ord i spreke spor* eller tilsvarande nettløysingar.

Dei fleste kulturminna som er verd å ta vare på er i privat eige. Kulturminneigarane må vera interesserte i vern før eventuelle tiltak frå kommunen si side er aktuelt. Det ligg ofte store økonomiske utfordringar i restaurering og vedlikehald. Vern og bruk skal skje i samråd med motiverte grunneigarar. Dette må vera avklart før kulturminnet kjem på handlingsplanen.


6 PLANGRUNNLAGET

6.1 Kart med registrering av kulturminne



Hordaland fylkeskommune har gjennom dei siste tiåra gjort ein del arkeologiske utgravingar, registreringar og prøvestikk i samband med utbyggingsprosjekt.

I samarbeid med frivillige og grunneigarar har det vore registrert verneverdige kulturminne over fleire år, som i dette planarbeidet blir meir systematisert og verdsett.



Omsynssoner (H570) i kommuneplan for Sund, som bör inkluderast i kulturminneplanen:

- | | | | |
|----|--------------------------------|----|------------------------------------|
| 37 | Bukken, Handlestad | 51 | Glesvær Bogen, Ferdelsåre |
| 38 | Glesvær, Handelstad | 52 | Porsvika, Steinalderbuplasser |
| 39 | Kvalvågen, Kvalfangst | 53 | Golta langhus, Langhus 1619 |
| 40 | Hope, Naustmiljø | 54 | Goltasundet, Diverse kulturminne |
| 41 | Klokkarvik, Kyrkjebrygge | 55 | Telavåg gravplass, Kolerakirkegård |
| 41 | Limevågen, Kyrkjebrygge | 56 | Telavåg ødegård, Freda ødegard |
| 42 | Førdesdal, Gardstun | 57 | Selstøbuene, Buer |
| 43 | Melkevik, Naust | 58 | Telavåg, Krigsminne |
| 44 | Johannes Kleppsevik, Fødestad | 59 | Austfjord/Toftosen, Hummarparkane |
| 45 | Kleppesjøen, Naustmiljø | 60 | Tyssøy Kapell, Kapell freda |
| 46 | Håkonsund, Handelstad | 61 | Tyssøykruna, Bergmåling freda |
| 47 | Trellevik, Naustmiljø | 62 | Lerøy gravplass, Gravplass |
| 48 | Tyrnevika, Sjøbu/Naust | 63 | Skogsvåg Hella, Gardsbruk |
| 49 | Hummelsund, Fornminnemiljø | 64 | Døscherholmen, Handelsstad |
| 50 | Englebogskjæret, Sjøbruksmiljø | 65 | Vorlandvassdrag, Kvernhus, tufter |

6.2 Kommuneplanen 2010 - 2020

I arealdelen av kommuneplanen er det innarbeidd omsynssoner for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er kartfesta ein del kulturminneobjekt i desse områda.

Kulturlandskap er område der menneske har påverka utforminga ved å bruka det. Grensa mellom kultur og natur er ofte flytande. Eit tilsynelatande urørt naturlandskap kan gøyma fangstgraver og spor etter eldgamle buplassar. Og omvendt – i eit kultivert landskap finst planter, dyr-og insektsartar av stor interesse for naturforskarar.

I kulturlandskapet møtest interessene frå natur-og kulturminnevernet. Kulturlandskap blir ikkje freda etter kulturminnelova, men kan på grunn av sin verdi definerast som omsynssoner for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Foreteljartradisjonen og stadnamna gir på mange måtar landskapet ei særskild tyding.

Kommunen kan uavhengig av arealføremål ta avgjerd i kommuneplanen sin arealdel om miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grøn struktur. Det skal takast omsyn til vern av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø. Kommuneplanen sin arealdel kan vera så detaljert at den næraast tilsvarer ein reguleringsplan. Det er ikkje lenger nødvendig å gå vegen om ein reguleringsplan for å sikra kultuminneinteressene. Det er mogleg å sikra seg heimel for å nekta riving av verneverdige kulturminne etter § 11-9 nr 7 i Plan- og bygningslova.

Det er Plan-og bygningslova som er den viktigaste vernelova/»kulturminnelova». Kommunen har mynde til å gje kulturminna eit formelt vern. Plan-og bygningslova omfattar alle kulturminne.

7 KULTURMINNE UTANFOR OMSYNSSONENE

7.1 Kverner og demningar

Det har vore mange kverner i Sund. Ei av dei som står att er Selstøkverna. Den er ferdig resataurert utvendig. Vi kjenner ikkje til årstal for når den vart bygd. Alt i 1723 hadde Selstøa ei bekkekvern. Nye kvernhus vart bygd på 1800-talet. I 1875 stod det tre kverner i



Kvernadalen. Når Selstøkverna står ferdig restaurert i 2017 skal den brukast til undervisning i skulen og formidling i reiselivssamanhang. Nordsjøfartmuseet har Selstøkverna med i formidlingsarbeidet sitt. Det er ynskjeleg at Selstøkverna med renna og vatnet vert lagt inn på kartet og i planen som omsynssone.



Eit anna døme er Hummelsundkverna. Den ligg nær vegen og er lett tilgjengeleg for folk som går på tur. Sogelaget har engasjert seg i restaurering av kverna.

Alle plassar det var kvernhus var det oppmurde demningar. Ein del står att som synlege spor i vassdraga. På Klokkarvik bygde dei seg eit lite vasskraftverk frå Sundsvatnet og Lensmannsvatnet. Målet er å verna demningane og ta vare på generatoren for å formidla kulturminnet og energihistoria.

Ein nyare demning vart bygd ved Grindavatnet, som forsynte store delar av Sund med drikkevatn før Kørelen vart den viktigaste drikkevasskjelda.

7.2 Steingardar, rydningsrøyser og bakkagardar

Det har vore utført eit stort arbeid då innmarksområda vart dyrka opp. På dei fleste gardane var det mykje stein som måtte ryddast bort frå jordstykka. Steingardane, bakkagardane og rydningsrøysene er synlege prov på dette.



Dei mange steingardane høyrer til dei viktigaste kulturminna i Sund. Nokre av dei er vakre kunstverk. Steingardane var grensegangar mellom gardane. Desse var rette på begge sider. Men det var også steingardar som skil innmark og utmark. Desse markagardane eller bøgardane er rette på sida som snur mot utmarka og skrå på innsida.

På Vardøyna finn vi ein steingard med 5 ulike typar mur. Den er ein studie i kunst. Det var «notahundar» som bygde steingardane, når dei ikkje dreiv med fiske.




Rydningsrøysene vart bygde opp av overskotsstein som ikkje kom til nytte elles, -gerne der det var noko avstand å transportera steinen til bøgjerdet. Røysa vart plassert på stader der det ikkje var jord og der ho i liten grad delte jordstykke.

Bakkagardane hadde fleire funksjonar. For det første vart dei bygde for å vinna inn jordstykke som elles hadde vorte svært bratte. Muren hadde også den funksjon å hindra at jorda lett rann vekk frå det nye jordstykket. Dessutan var bakkagardane ein måte å plassera overskotsstein frå jorddryddinga på.



Rydningsrøys



Bakkagardar

7.3 Naustmiljø i Børneshølo



7.4 Fiske og fangst

Det er ein langvarig og rik tradisjon for fiske i kommunen. Strilane hadde kultur for å vera dei fremste på effektiv og tidsriktig drift. Dei var av den grunn ikkje særleg opptekne av å ta vare på det gamle utstyret eller båtane.



7.5 Lører

Lører av ulik storleik, utforming og bruk finn ein overalt i Sund. Ei av dei mest særprega kan vi sjå i Asphaugen. Den står enno.



7.6 Jordkellarar og torvhus

På same vis som lører finn vi mange jordkellarar rundt om i bygdene. Dei hadde ulik byggemåte og bruksområde som gjerne har endra seg over tid.



På biletet ser vi ein jordkellar bak Jektenaustet i Trellevik som er dekt med jord.



I Eide er det torvhus med Stein til tak, men er bygd over same modell som ein jordkjellar. Desse er frå 1700-1750.

7.7 Minnesmerke

Vi har ein del minnesmerke i kommunen, og fleire kan vurderast. Den norske mineleggjaren Tyr fyller 130 år i 2017, og det er tankar om å plassera ei mine på Skuleneset for å minnast minesprenginga i april/mai 1940.

1. Glesnes: Minnesmerke etter «M/B Valborg» på Glesvær
2. Kausland kyrkje: Minnestøtte med namn på omkomne frå ytre Sund under 2.verdskrig
3. Klokkarvik: Krossen på Skuleneset
4. Klokkarvik: Plan om å flytte mina frå Haugeheim til Skuleneset.
5. Lerøy: Minnetavle over russarfangane.
6. Stranda: Minnestøtte etter 22. juli 2011
7. Sund kyrkje: Klokka frå kyrkja som brann i 1994
8. Sund kyrkje: Minnestøtte med namna på dei som var om bord i flyet som styrta ved Veten
9. Sund kyrkje: Minnestøtte med namna på omkomne frå indre Sund under 2.verdskrig
10. Telavåg: Minnestøtte over omkomne frå Telavåg under 2.verdskrig.
11. Telavåg: Minnetavler ved den gamle gravstaden «Fredens bolig».
12. Veten: Flystyrte i 1948, minnesmerke av motoren og namn på overlevande og omkomne
13. Vikso: Minnesmerke over bortkomne losar og båtmannskap



Losminnesmerket på Vikso



Den gamle kyrkjeklokka frå Sund kyrkje



Minnesmerke frå flystyrt ved Veten



Minnestøtte ved Sund kyrkje

7.8 Kyrkjer, gravstader og bedehus

I Sund er det kyrkjebygg på Kausland (Kausland kyrkje), Klokkarvik (Sund kyrkje) og Forland har ei kyrkje som vart overført frå Austevoll i 1948. (Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn). Kyrkjesteinane på Tyssøyna vitnar om at det har vore ei kyrkje eller eit kapell der.

Det er gravstader ved Sund og Kausland kyrkje. I tillegg er det ein gravplass i Telavåg. Det er ein også ein gamal, privat gravstad på Lerøy, ein kolerakyrkjegard på Nygård og ein gammal gravstad i Lokavika (Fredens bolig).

Ein del bedehus har fått omgjort sin opprinnelige funksjon. Men i Telavåg, på Tofterøy og på Forland er bedehusa i bruk. Dei fungerer også som samlingsstad for folk i bygda.

7.9 Ungdomshus

I grendene Glesnes, Telavåg, Pollen, Stranda og Skogsvåg er det bygd ungdomshus og desse er framleis i aktivt bruk. Nokre av dei er døypte om til grendahus.

Viser elles til vedlegg *kulturminnetypar*. Lista vil bli arbeidd vidare med i planperioden.



8 HANDLINGSPLAN

8.1 Mål

Handlingsplanen skal sikra at vi tar vare på dei mest verdifulle kulturminna og kulturmiljøa i kommunen. Det kan vera aktuelt å kartleggja fleire omsynssoner rundt kulturminne som er unike og på den måten er verd å ta vare på. Eigenarten og variasjonen gjer at vi kan bruka kulturarven som ein ressurs for verdiskaping, både kulturelt, sosialt, miljømessig og økonomisk. Kunnskapen vi får ved å kjenna lokalhistoria og kunna sjå kulturminne i autentiske miljø, gir gode opplevelingar og byggjer felles identitet. Ved ei heilsakleg miljø-og ressursforvaltning vil vi unngå at fleire verdifulle kulturminne går tapt.

8.2 Tiltak

Sund kommune er innstilt på at det skal vera fleksibilitet i høve til prioritering mellom tiltaka i planen.

Når det gjeld tidlegare BARK-liste (bevaring av arkeologiske kulturminne) set kommunen Skaganeset, steinalder og kvalfangst i Kvalvågen øvst på lista. Hummelsund, diverse forhistoriske funn langs sundet vil også vera aktuelt å sjå på i perioden. Jernaldertuftene på Risøyna og øydegard på Midttveit skal stå på BARK-lista, men vert ikkje med på handlingsplanen førebels.

Tiltak og prosjekt som kommunen har vore delaktig i, anten ved fagleg eller økonomisk støtte, ynskjer vi å følgja opp om vidare. Det kan vera i ulik grad og på ulike tidspunkt alt etter behov og ressursar.

Kartlegging, registeringar og dokumentasjonsarbeid vil pågå kontinuerleg. Kommunen er avhengig av godt samarbeid med og støtte frå fylkeskommunen.

Tiltaka skal starta og vera i ein god prosess mot kommunesamanslåinga i 2020. Ein felles kulturminneplan med Fjell og Øygarden kan knytast saman mot førhistorie, kystkultur, fiskeri, landbruk og samferdsle. Også når det gjeld den immaterielle kulturarven er det mange fellestrekks.

Ressurstilgangen vil vera avgjerande for kor mykje Sund får gjennomført i løpet av 3 år.

8.3 Ressursbehov og ansvar

Restaureringsarbeid er kostnadskrevjande. Dei fleste kulturminna er i privat eige (antenn av stiftingar, gunnarlag eller ein eller fleire eigalarar).

Kulturbudsjettet har kr 40.000 til kulturminnevern, men tilsette på kulturkontoret kan hjelpe til med søknadsskriving til fylkeskommunen og kulturminnefondet. Tilsegn frå eksterne kjelder står ofte i forhold til økonomiske bidrag frå kommunen. Det vil vera ein føremon om kommunen hadde bygningsvernkompetanse, anten ved å kjøpa tenester eller tilsette ein som innehar den fagkunnskapen. Vidare vert det viktig å samarbeida med Bergen og omland friluftsråd (BOF), Sund turlag, Nordsjøløyypegruppa Ut mot havet, Sund sogelag og andre frivillige eldsjeler.

Økonomiplanen må ta høgde for behovet for å ta vare på viktige kulturminneverdiar i Sund. Prosjekt må innarbeidast i årlege budsjett fram til 2020. Ved kommunesamanslåing må det lagast ein ny felles kulturminneplan basert på planane som no vert laga i Øygarden, Fjell og Sund.

8.4 Detaljert handlingsplan

Tiltak	Framdrift	Samarbeidspartnalar	Ressursbehov	Finansiering	Ansvær
Følgja opp arbeidet på skulestova på Berge	Dugnad over fleire år	Styret i Venelaget	Stort i forhold til restaurering og dugnadsinnsats	Eksterne søknader Kr 15.000 årleg frå kommunen	Venelaget for skulestova på Berge Kommunen
Følgja opp formidlingsarbeidet med Olav Toft si samling	Laga informasjonshefte om utstillinga og halda guidekurs vår 2017	Trellevik kystkultursenter Skulane Sogelaget	Eksterne og kommunale midlar til informasjonsbrosjyre, guidekurs og drift	Eksterne søknader Eigenfinansiering Kr 30.000 årleg frå kommunen	Trellevik kystkultursenter Kommunen
Laga visningsanlegg for kulturminne i Hummelsund	2019/2020 Utviding av Frisk og freidig	Fylkeskommunen Skulane, Sogelaget Studentar frå AHKR	Fagleg støtte frå fylkeskommunen Løn til lærar	Kommunale undervisningsmidlar	Kommunen
Ferdigstilla Selstøkverna og laga ein plan for formidling	2017	Nordsjøløypegruppa og Nordsjøfartmuseet Kultur og Oppvekst	Eigenfinansiering og dugnad	Fullfinansiert med kr 200.000 frå Museum Vest	Nordsjøfartmuseet Nordsjøløypegruppa Kommunen
Vedlikehald og formidling: Selstøbuene og Fredens bolig	Etter behov	Nordsjøløypegruppa Kyrkja Nordsjøfartmuseet	Kommunale tenester og vedlikehaldsmidlar Frivillig innsats	Driftsmidlar	Nordsjøfartmuseet Nordsjøløypegruppa Kommunen
Laga heftet Kulturminneturar i Sund	2017	Turlaget Sogelaget	Tid og økonomi til å få redigert og trykt heftet	Eksterne søknader Fondsmidlar	Kommunen
Skriva og gje ut Kultursoge for Sund	Påbegynt og skal vera ferdig i løpet av 2019	Sogelaget, bygdeboknemnda og frivillige informantar	Løn til forfattar Div utgifter Trykking av boka	Finasert med 2,9 mill over 3 år.	Kommunen
Tilretteleggja kulturminneløype til Skaganeset/Stekholmen og dokumentera kultuminna i området med illustrasjonar og infotavler	Treårig prosjekt 2017 - 2019	Grunneigarar Fylkeskommunen Riksantikvaren Sogelaget/Folkeakademiet Studentar frå AHKR Skulane/Oppvekst BOF og turlaget Lokale lag/frivillige Bergen reiselivslag	Løn til prosjektleiar Turskilt/informasjonsmateriell Reise- og møtekostnader Interaktiv formidling/web-app Anleggskostnader og evt kjøp av grunn for universell utforming av sti. Utanom grunnnavståing er prosjektet kostnadsrekna til kr 1.535.000	Søknader om tilskot til Fylkeskommunen og Riksantikvaren Kommunale midlar	Kommunen

Dokumentera loshistoria med skilt og infotavle på Vikso	2018	Kystverket Sogelaget	Tilgang til informantar Tavler og skilt Layout	Prosjektmidlar på fond	Kommunen
Gje støtte og rettleiing til private eigarar	Etter behov	Fylkeskommunen	Bygningsvernkompetanse	Kapasitet	Kommunen
Laga utkast til eit arkivsystem med foto og anna dokumentasjon	2018	Studentar i praksis frå AHKR	Tid og kompetanse	Kontakt med UiB	Kommunen
Samla dokumentasjon, ta bilete og registrera kulturminne som eigarane ikkje er interesserte i å ta vare på sjølve	2018/2019	Sogelaget Studentar frå AHKR Kulturminneeigarar	Tid og kompetanse til systematisering og digitalisering Foto- og opptaksutstyr Studentar i praksis	Søknader til fylkeskommunen Eigeninnsats	Kommunen
Bidra til utarbeiding av skjøtselsplan for stiar, minnesmerke og kulturmiljø i prosjekt som kommunen har vore involverte i	Etter behov	Fylkeskommunen Grunneigarar	Tid og kompetanse til søknadsskriving Interesse frå kulturminneeigarar	Eigeninnsats Interne og eksterne midlar	Kommunen/ fylkeskommunen
Registrera kulturminne i Askeladden	Ved kunnskap om nye registeringer	Fylkeskommunen	Tid og kompetanse	Søknad om tilskot til fylkeskommunen	Kommunen
Demningar og kverner Vurdering av vern	2017/2018	Grunneigarar BOF, turlaget og sogelaget	Rydding og tilsyn	Dugnadsinnsats	Kommunen
Følgja opp temalista frå sogelaget og andre med registreringar og dokumentasjon	I planperioden	Sogelaget	Tid og kapasitet	Løn til medarbeidar med registereringsansvar	Kommunen

VEDLEGG

Vedlegg 1: Kulturminnetypar

Akvakultur	Kaianlegg	Rutebåtkaiar
Arkeologiske kulturminne	Kanalar	Sager
Bakeri	Kastepllassar	Samferdsle
Bedehus	Klesdrakter	Sandtak
Bruer	Kloster	Sauatøkje
Brygger	Klyngetun	Sildesalteri
Bumerke	Kolerakyrkjegardar	Sjøbruksmiljø
Buplassar	Kraftstasjonar	Sjømerke
Båtar	Krigsminne	Sjøormar
Båtbyggeri	Kulturlandskap	Skipreide
Båtstøer	Kvalfangst	Skjeneflorar
Demningar	Kverner	Skulehus
Dialektar	Kyrkjer	Skytebaner
Ekserserplassar	Lakseplassar	Smier
Fangstbuer	Lambhus	Solkors
Ferister	Landbruk	Songkor
Fiskekum, i stein	Landbruksmaskiner	Sosial bustadbygging
Fiskeri/fiskemottak	Landnotfiske	Steinbuer
Fiskeutstyr	Langhus	Steingardar
Fjærremennshustufter	Lepra/Spedalsk	Stiar
Flora/Fauna	Losvesenet	Teknisk industrielle kulturminne
Fortøyingsboltar	Lærarbustader	Telefon
Fyr og sjømerke	Løypestrengar	Tingstover
Gjeiler	Marine kulturminne	Tollstasjonar
Gjestgjeveri	Miner	Torvbuer
Gravstader	Musikklag	Torvmaskiner
Gruver	Naust	Torvtaking
Hagar	Nothengjer	Trankokeri
Handelstader	Notlag	Ungdomslagsrørsla
Heimestølsmiljø	Ny arkitektur	Utedoar
Hummerparkar	Næringsbygg	Vardar
Husmannsplassar	Postkontor	Vassforsyning
Institusjoner/offentleg bygg	Potetkjellarar	Vegar (gamle ferdelsvegar)
Isdammar	Prestar	Veiter
Ishus	Prestebustader	Øydegardar
Jordeigarar	Rekketun	
Jordkellarar	Rituale	

Vedlegg 2: Relevant litteratur

- Kystkulturen i Sund bygdemuseum – Arne Asphaug og Olav Toft
- Bygdesoge frå Sund 1320 – 1660 – Arne Asphaug
- Næringsvegane i Sund og Austevoll 1866-1890- Arne Asphaug
- Historie frå Selstø, ein gard i Telavåg – Arne Asphaug
- Tyssøy – Arne Asphaug
- Sund kommune - Ein livsfrisk hundreåring- artikkelsamling av ulike forfattarar
- Bygdebok for Vardøy – Arne Asphaug og Svein Olav Drageland
- Bygdebok frå Sund – Johs. Evensen Hummelsund
- Gards-og ættesoga «Sund på søre Sotra» 1 - 5
- Bygdebok frå Skoge– Oddvar M. Søreide
- Gardssoge for Store-Sangolt, Little- Sangolt, Skaga og Dommedal – Oddvar Skoge
- Ei kystbygd i verda. Jon Severud. Jubileumsbok 100 år Skogsvåg ungdomslag
- Årbok for Skogsvåg 1999
- Årbok for Skogsvåg 2008
- Frå Tyssøy til Tekslo- Jon Sæverud
- Kystkvinner – Harald Nordstrand
- Havstril-Harald Nordstrand
- Landnotfiske (Fiskerihistorisk årbok 2003) – harald Nordstrand
- Stranda husmorlag – Åshild Nordstrand
- Rapport om RA sitt verdiskapingsprosjekt på kulturminneområdet
- Vandringar i Vest – «Perler i Nordsjøløypa»
- HOME – Kulturarv der du bur
- Kommuneplanen med omsynssoner i arealdelen
- Kulturhistoriske registreringar utført av Hordaland fylkeskommune
- Plan for skjøtsel, bruk og formidling av kulturminne langs Nordsjøløypa i Sund, Fjell og Øygarden
- Strilasoga band 1-5
- Mattradisjonar - Malene Golten
- Johannes Kleppevik – Olav Kobbeltveit og Sigrid-Marthe Kleppevik
- Kav Stril – Hans Lauvik
- Diktsamlingar – Reidar Steinsland
- Treskoposten – artikkelsamlingar frå Lerøy
- Årbøker frå ulike lag
- Lokalhistoriske dokument og hefter
- Stadnamn, ord og uttrykk
- Elev-og studentoppgåver
- Då dei fekk vasskraftverk i Sund-Jarle Sælensminde
- NRK-filminnslag på Norge Rundt